

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.11.2019

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigeita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytte nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å anmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.
2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.
3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensning i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.
5. Vestland fylkeskommune registrerer at lovframlegget skjerpar kravet for å få innvilga norsk statsborgarskap, med krav om bestått avsluttande prøve i norsk på B1 eller høgare nivå. Vestland fylkeskommunen vil påpeika at eit slikt krav lett vil ekskludera menneske med lita eller inga utdanning i opphavslandet frå å få norsk statsborgarskap, og fårår ei slik endring.
6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsk timar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.
7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillatelse enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.

Utvalseiar Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram prosjektleiar sitt forslag til innstilling.

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag fekk 2 røyster (FRP, PP) og fall.

Strømmen sitt forslag første avsnitt fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 1-4 fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 5 fekk 11 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (PP, H, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 6-7 fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgaver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylla desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å anmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.

2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.

3. Fylkeskommunen er positiv til at sluttmaal skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensning i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.

4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.

5. Vestland fylkeskommune registrerer at lovframlegget skjerpar kravet for å få innvilga norsk statsborgarskap, med krav om bestått avsluttande prøve i norsk på B1 eller høgare nivå. Vestland fylkeskommunen vil påpeika at eit slikt krav lett vil ekskludera menneske med lita eller inga utdanning i opphavlandet frå å få norsk statsborgarskap, og frårår ei slik endring.

6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.

7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillatelse enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.